



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Gry Walle, 5557 2332

Vår dato
05.10.2011
Dykkar dato
14.09.2011

Vår referanse
2011/12014 443.1
Dykkar referanse
11/11137

Direktoratet for naturforvaltning (DN)
Postboks 5672 Sluppen
7485 Trondheim

Forslag til regulering av fiske etter anadrom laksefisk i elv og sjø frå 2012

Vi viser til brev om regulering av fiske etter anadrome laksefisk av 14. september

Oppdrag 1

Elvefiske

Fylkesmannen har invitert lokale fiskerettshavarlag til å kome med innspel til regulering av fisketider i elv. Vi har ikkje tal frå gytefisketellingane som skal gjerast 2011, våre vurderingar er difor gjort på tal frå 2010, og det vi ser av resultata frå årets fiske. Vossovasdraget er haldt utanfor denne runden med vurdering av fisketider. Dette er eit eige prosjekt, og vi meiner vi må ta dei vurderingane som skal gjerast for denne elva kontinuerlig i prosjektet.

Basert på innspel og våre vurderingar har vi følgjande innstilling til nye fisketider i nokre elvar.

Oselva i Os og Bergen

Fisketida for laks og sjøaure i Osvassdraget i gjeldande forskrift er 1. juli til 15. september. Vitenskapelig råds rapport nr 3. Vurderar forvaltningsmålet for denne bestanden til ikkje å vera oppnådd. Dei rår til at beskattinga bør reduserast. Fisket vart stramma inn i reguleringa til 2011 sesongen med to veker.

Rådgivende biologer AS har gjennomført ungfiskundersøkingar i vassdraget sidan 1991 (utanom 1992). Tettleiken av laksepresmolt har vore relativt høg dei siste åra (2008-2010). Vi forventar eit talrikt innsig av laks til Oselva i 2011, noko som vi meiner har slått til. Ungfisketellingane frå 2011 er ikkje gjennomført enno, men det er grunn til å tru at dei ikkje er lågare enn gjennomsnittet perioden 2008-2010.

Den lokale forvaltninga i Osvassdraget har i 2011 hatt døgnkvote på 1 laks, og gjennomført midtvegsevaluering. For 2012 vil det òg bli gjennomført midtvegsevaluering med vurdering, vi har på førehand laga ein avtale for midtvegsevalueringa med den lokale forvaltninga.

Vi gjer framlegg om å auke fisketida med 14. dagar i starten av sesongen.

Vårt forslag:

Elv	Fisketid laks	Fisketid sjøaure
Osvassdraget	15.06 – 15.09	15.06 – 15.09

Omvikdalselva i Kvinnherad

Elva vart stengt i 2009 grunna utslepp frå ein gjødselstank. Rådgivende biologer AS har berekna ungfiskettleiken nedanfor utsleppsstaden til å vere 26 fisk pr 100 m², over utsleppet var dette 35 fisk pr 100 m². Dei har konkludert med at gytingane som gjekk føre seg i 2009 og 2010 langt på veg vil føre til at elva er attende til det normale i 2011.

Vi meiner det kan opnast for fiske i Omvikdalselva igjen, med same fisketid som før utsleppet.

Vårt forslag:

Elv	Fisketid laks	Fisketid sjøaure
Omvikdalselva	15.07 – 15.09	15.07 – 15.09

Simo (Simadalselva) i Eidfjord

LFI Uni Miljø har berekna eggettleiken til sjøaure i Simo til å vera mellom 2 og 4 egg pr m² dei siste åra (frå 2004). Simo er ei regulert elv, og det er til tider lite vatn i elva og vanskelege fiskeforhold. Vi meiner det er grunnlag for å forlengje fiskesesongen med to veker i starten av sesongen. Fisketrykket vil venteleg ikkje auke mykje då det er avhengig av vassføring.

Vårt forslag:

Elv	Fisketid laks	Fisketid sjøaure
Simo	01.07 – 15.09	01.07 – 15.09

Oppdrag 2

Sjø

Vi skal vurdere om det er rimelig samsvar mellom reguleringar i elv og sjø. I Hordaland har vi eit begrensa elvefiske og det er ikkje opent for sjøfiske i ordinær sesong. For sjøfisket er det to regionar som er viktig, og bestandane i elvane i desse regionane må bli bærekraftig før vi kan opne for fiske i ordinær sesong. Det er regionane Osterfjorden og Hardanger. I Hardanger er alle elvane med laksebestand unntatt Uskedalselva stengt for laksefiske. Fiskerettshaverane har stengt fiske i Etenelva. I Osterfjorden er dei store elvane Vosso og Ekso stengt for laksefiske.

Med helsing

Terje Aasen e.f.
avd. direktør

Gry Walle
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.